



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Jørgen Aarø, 55 57 20 46

Vår dato  
04.01.2018  
Dykkar dato  
28.12.2017

Vår referanse  
2018/57  
Dykkar referanse

Hordaland Sau og Geit  
e-post: reidar.kallestad@online.no

### Løyve til felling av ein jerv i Odda kommune, Hordaland

---

**Hordaland Sau og Geit får løyve til skadefelling av ein jerv i Odda kommune. Løyvet er avgrensa i tida frå og med 4. januar til og med 15. februar 2018.**

**Løyvet er gitt i medhald av naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. òg §§ 1 og 3. Det er knytt vilkår til løyvet.**

---

Vi viser til søknad frå Hordaland Sau og Geit mottatt 28. desember 2017 om løyve til felling av ein jerv i Røldal i Odda kommune, Hordaland.

#### Innhald i søknaden

Søknaden er fremma på bakgrunn av tap til jerv i grenseområda mellom Hordaland og Rogaland i åra 2015-2017.

Det er tenkt eit opplegg med bruk av åte på utvalde plassar, kombinert med viltkamera med MMS-funksjon, bemanning av åter og bruk av snøskutar til drift av åta. Søknad om motorisert ferdsel blir retta til kommunen dersom det blir gitt skadefellingsløyve.

Tidlegare erfaringar med metoden under lisensjakta i Rogaland har vist at det er behov for hyppig vedlikehald av kamera og åte. Vidare står det i søknaden at lisensjakt ikkje opnar for bruk av snøskutar og at metoden difor blir for arbeidskrevjande til at det er mogleg å følgje opp.

Søkjjar ønskjer at fellingsforsøket skal leiast av fellingsleiarar frå det regionale fellingslaget i Hordaland. Det er tenkt åteplassar på tre stader: Peparsteinen/Nupshallane, Dyrskår og Blåbergdalen/Grytdalen. Kvar av åteplassane blir overvaka med viltkamera med MMS-funksjon. Etablering av åteplassar og eventuell køyring med skutar skal berre skje etter avtale med grunneigar. Søknaden gjeld tidsrommet 1. januar til og med 15. februar 2018.

## **Juridiske rammer og politiske føringar**

Dei rettslege rammene for avgjerda er naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b og § 77, jf. rovviltforskrift § 9, jf. òg §§ 1, 3 og 8.

Naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b opnar for uttak av vilt for å hindre skade på bufe. Naturmangfaldlova § 77, jf. rovviltforskrifta § 9 gir Fylkesmannen mynde til å fatte vedtak om skadefelling av jerv for å hindre framtidig skade. Uttak må skje innanfor rammene fastsett av naturmangfaldlova § 5 og rovviltforskrifta §§ 1-9.

Naturmangfaldlova § 5 seier at artane og deira genetiske mangfald skal bli ivaretatt på lang sikt og at dei skal kunne finnast i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde.

Rovviltforskrifta konkretiserer dette for rovvilt gjennom å definere nasjonale bestandsmål, legge opp til geografisk differensiert forvaltning, og opne for avveging mellom rovvilt og andre viktige samfunnsinteresser, jf. §§ 1 og 3, og naturmangfaldlova § 14. Hordaland høyrer samane med Sogn og Fjordane, Rogaland og Vest-Agder til region 1 der beitedyr skal ha prioritet.

Skadefelling kan berre settast i verk dersom det ikkje finst andre tilfredsstillande løysingar ut frå prinsippet om geografisk differensiert forvaltning, jf. rovviltforskrifta § 9. Området sin verdi som beitemark, omfanget og utvikling av skadane, potensialet for framtidige skadar og moglegheita for å gjennomføre førebyggjande tiltak skal vurderast særskilt.

Det er bestemt at soneinndelinga skal praktiserast tydeleg, jf. rovviltforliket pkt. 2.2.19. Dette er ytterlegare presisert i brev frå klima- og miljøministeren til fylkesmennene og rovviltnemndene 28. april 2014. Her står det at det skal vere låg terskel for felling av rovvilt i prioriterte beiteområde der rovdyr har gjort skade eller ein kan rekne med at dei vil gjere skade. I forvaltingsplanen for rovvilt i region 1 har rovviltnemnda lagt opp til at felling skal vere det viktigaste førebyggjande tiltaket for å redusere skade på bufe til eit minimum. Fylkesmannen skal vektlegge føringane i den regionale forvaltingsplanen under handsaming av skadefellingssøknadar, jf. rovviltforskrifta § 9.

Skadefelling etter rovviltforskrifta § 9 kan skje innanfor ei kvote fastsett av den regionale rovviltnemnda, jf. § 8. Den opphavelige kvoten på åtte dyr vart sett av rovviltnemnda i møte 27. februar 2017. Av desse vart sju felt gjennom ekstraordinære uttak i april og mai 2017. Kvoten vart utvida med tre dyr den 23. august 2017, og det står i skrivande stund att fire dyr på kvoten i region 1.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal alltid vurderast ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfaldet, jf. §7.

## **Fylkesmannens vurdering**

Kunnskap om jerv frå Rovdata sitt nasjonale overvåkingsprogram, dialog med Statens naturoppsyn (SNO), Forvaltingsplanen for rovvilt i region 1 og tapshistorikken i området ligg til grunn for avgjerda, jf. naturmangfaldlova § 8.

Jerv har status som sterkt trua på den norske raudlista for trua artar. For å ivareta ein levedyktig bestand er det sett eit nasjonalt bestandsmål på 39 ungekull. Bestandsmålet er nådd kvart år sidan 2003. I 2017 vart det registrert 40 jervekull i Noreg ([www.rovdata.no](http://www.rovdata.no)).

Dei siste to åra har SNO tatt ut to jervar i det aktuelle området gjennom ekstraordinære uttak. Det nasjonale bestandsmålet er likevel nådd, og det er ikkje krav om årlege ungekull i region 1. Uttak av ytterlegare ein jerv i dette området vil etter vår vurdering ikkje påverke det nasjonale bestandsmålet og vil ikkje true bestanden si overleving, jf. naturmangfaldlova § 10. Vi meiner at vi har tilstrekkeleg kunnskap om effektane av eit eventuelt uttak, og føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 er difor tillagt liten vekt.

Områda nord og sør for grensa mellom Hordaland og Rogaland er viktige beiteområde. I følgje data frå organisert beitebruk vart det i 2017 sleppt om lag 3000 sauer og 5900 lam på beite berre mellom dei fem beitelaga rundt Valldalen. På grunn av den store mengda dyr som går i området og historikken med dokumenterte tap til jerv i grenseområda mellom Hordaland og Rogaland tre år på rad meiner vi at vilkåra for å iverksette felling er oppfylte, jf. rovviltforskrifta § 9. Rovviltnemnda har lagt opp til låg terskel for uttak av skadegjerande rovdyr i region 1 og vår vurdering er difor at uttak av skadegjeraren er eit forsvarleg verkemiddel sett i lys av prinsippet om geografisk differensiert forvaltning.

Naturmangfaldlova § 12 set krav om å nytte miljøforsvarlege teknikkar og metodar ut frå eit best mogleg resultat for samfunnet. Motorisert ferdsel i utmark er forbode gjennom motorferdselslova § 3, og Fylkesmannen meiner på generelt grunnlag at det bør vere underlagt restriktiv praksis. Det er likevel kommunane som forvaltar regelverket om motorferdsel og det er opna for å kunne bruke motorkøyretøy til transport av åte og åtebu i samband med jakt på jerv, jf. forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark § 5b. Ein slik søknad må difor rettast til kommunen. Vi vil her understreke at det ikkje er eit vilkår at det er gitt skadefellingsløyve for at kommunen skal kunne gi løyve til bruk av snøskutar i samband med transport av åte eller åtebu. Motorferdselsforskrifta § 5b gjeld òg for lisensjakt.

Vi vurderer naturmangfaldlova § 11 som seier at kostnadane ved miljøydelegging skal berast av tiltakshavar, som lite relevant i denne samanheng.

På bakgrunn av tidspunktet og grunnlaget for søknaden er det relevant å vurdere om formålet like godt kan nåast gjennom ordninga med lisensjakt som varar fram til og med 15. februar. I lisensjaktperioden er det opp til jegerane sjølve å organisere jakta innanfor gjeldande rammer. Etter vår vurdering er det ikkje noko ved det skisserte jaktoplegget som er avhengig av at det blir gitt eit skadefellingsløyve for å kunne gjennomførast. Normalt ville vi difor hatt høg terskel for å iverksette skadefelling i lisensfellingssperioden. I dette tilfellet er det derimot allereie gitt tilsvarende fellingsløyve i Rogaland, basert på den same skadesituasjonen, og retta mot den same jerven. Det vil difor vere uheldig om vi ikkje legg opp til lik praksis mellom dei to fylka for å auke sjansen for å ta ut den aktuelle skadegjeraren.

Etter ei samla vurdering meiner vi at det er grunnlag for å iverksette skadefelling på vilkår av ein jerv i Røldal i Odda kommune.

## Vedtak

Hordaland Sau og Geit får med dette løyve til skadefelling av ein jerv i Odda kommune. Løyvet er avgrensa i tida frå og med 4. januar til og med 15. februar 2018.

Løyvet er gitt i medhald av naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. òg §§ 1 og 3. Det er knytt vilkår til løyvet.

Følgjande vilkår gjeld:

1. Felling skal organiserast av det regionale fellingslaget for rovvilt i Hordaland under leiing av Arne Sangolt. Dersom andre jegerar skal involverast er fellingsleiar ansvarleg for å utnemne desse. Fellingsleiar har ansvar for at alle deltakarar er kjende med innhaldet i dette brevet og dei generelle reglane i rovviltforskrifta og i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst.
2. Plassering av åter skal vere i samsvar med søknad og etter avtale med grunneigar. Fellingslaget skal sende over eit kart med stadfesta åter og liste over deltakarar til Fylkesmannen i Hordaland og Statens naturoppsyn før jakta startar.
3. Åte skal plasserast i område med telefondekning slik at dei kan overvakast med viltkamera.
4. Fellingslaget må sjølv innhente løyve til køyring med snøskuter frå kommunen. All køyring skal vere i samsvar med løyve frå rette styresmakt og skal avgrensast til eit minimum. Det er ikkje lov å bruke snøskuter i samband med sporing eller felling.
5. Skadefellingsforsøket skal rettast mot skadegjerande individ. Dersom det er mistanke om yngling skal SNO og Fylkesmannen kontaktast snarast.
6. Fellingsleiar skal ta kontakt med SNO for rettleiing og praktisk informasjon før dei startar og ha dialog med SNO undervegs.
7. Alle deltakarar i fellingslaget skal vere registrerte lisensjegerar på jerv i Jegerregisteret. Dei skal ved bruk av rifle ha avlagt skyteprøve seinast i 2017. Jegerane kan ikkje delta i lisensfelling på jerv i skadefellingsperioden. Det skal berre nyttast våpen og ammunisjon som er i samsvar med krav til jakt på jerv, jf. forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, felling og fangst.
8. Felling eller forsøk på felling skal straks meldast til kommunen, SNO, politi og til Fylkesmannen (55 57 20 46/900 93 615). Den som feller dyr skal framvise felt dyr for SNO for kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale. Skyttar skal kunne påvise fellingsstad eller skotplass etter oppmoding frå SNO, Fylkesmannen eller politiet, jf. rovviltforskrifta § 16.
9. Felt jerv er viltfondet sin eigedom. Ingen kan på noko vis gjere seg nytte av felt dyr eller delar av dyret utan samtykke frå Miljødirektoratet. Felt dyr skal så raskt som mogleg fraktast til Norsk institutt for naturforskning i Trondheim.
10. Dersom jerv blir skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogleg. Skyttar pliktar å forvise seg om dyr det er skote på er treft eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar straks melde frå til Fylkesmannen, SNO og næraste politimynde. Fylkesmannen avgjer vidare gjennomføring og avslutning av fellingsforsøk. Fellingslaget har plikt til å delta i ettersøk utan vederlag.
11. Felling og forsøk på felling i samsvar med dette løyvet er ikkje avhengig av grunneigar sin jaktrett, jf. viltlova § 35.
12. Fylkesmannen kan når som helst trekke tilbake løyvet dersom ny kunnskap tilseier det.

Dersom jerv blir felt i det aktuelle området Odda, Suldal og Hjelmeland i løpet av perioden, blir dette løyvet automatisk trekt tilbake.

### **Økonomisk godtgjering for fellingsforsøket**

Fylkesmannen legg til grunn at fellingsforsøket blir gjennomført på ein effektiv og hensiktsmessig måte. Det er sett av ei økonomisk ramme på totalt 20 000 kroner til kompensasjon for jegerar som deltek i fellingsforsøket og dokumenterte utgifter til dette, jf. §§ 9 og 9 a. Kompensasjon for dokumenterte utgifter kan ikkje overstige 7000 kroner og døgnseten for deltakarar er maksimalt 1600 kroner per døgn per deltakar. Fylkesmannen set ei ramme på 13 000 kroner som kan nyttast til godtgjering, feriepengar og arbeidsgivaravgift.

Utbetalinga skal skje på grunnlag av vilkåra i kommentarane til rovviltforskrifta, rapport frå fellingsleiar om skadefellingsforsøket og den tid som er nytta. Det regionale fellingslaget for rovvilt i Rogaland pliktar å sende skadefellingslogg til Fylkesmannen så snart som mogleg etter at fellingsforsøket er avslutta. Fellingslaget pliktar òg å sørge for at deltakarar i fellingslaget fører timelister og oversikt over køyrte kilometer med snøskuter og bil mm. Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland søker Fylkesmannen i Hordaland om kompensasjon etter vilkåra som nemnt over.

Det er ikkje pårekeleg at alle utgifter til fellingsforsøket blir dekt.

Vi legg til grunn at regionale fellingslag er omfatta av kompensasjonsordninga på lik linje med kommunalt oppnemnte lag, jf. kommentarane til rovviltforskrifta § 9a.

### **Klagerett**

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker etter forvaltingslova sine reglar. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsljef

Jørgen Aarø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Kopi

|  |  |
|--|--|
| Eidfjord kommune                         | postmottak@eidfjord.kommune.no               |
| Fylkesmannen i Rogaland                  | fmropost@fylkesmannen.no                     |
| Fylkesmannen i Sogn og Fjordane          | fmsfpost@fylkesmannen.no                     |
| Hardanger lensmannsdistrikt              | post.hordaland@politiet.no                   |
| Hardangervidda fjelloppsyn               | hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no   |
| Mattilsynet                              | postmottak@mattilsynet.no                    |
| Miljødirektoratet                        | post@miljodir.no                             |
| Naturvernforbundet i Hordaland           | hordaland@naturvernforbundet.no              |
| Norges jeger og fiskeforbund - Hordaland | hordaland@njff.no                            |
| Odda kommune                             | post@odda.kommune.no                         |
| Rovviltnemnda reg. 1 v/Aleksander Heen   | aleksander.heen@sfj.no                       |
| SNO Bergen                               | ragni.nordas@miljodir.no                     |
| SNO Hardangervidda                       | hardangervidda@miljodir.no                   |
| SNO Rosendal                             | olaf.bratland@miljodir.no                    |
| Tilsynsutvalet i Hordaland               | tilsynsutvalet.hordaland@ullensvang.herad.no |
| Ullensvang herad                         | postmottak@ullensvang.herad.no               |
| Arne Sangolt                             | aastasa@online.no                            |